

# Årsmelding 2022

KFUK-KFUM Ulstein



## **KFUK-KFUM Ulstein**

KFUK-KFUM er ei forkorting for Kristen Foreining for Unge Kvinner og Unge Menn. Føremålet til Noregs KFUK-KFUM er å utvikle og ta ansvar for heile mennesket med ånd, sjel og kropp. Vi vil hjelpe menneske å leve og vekse i tru på Jesus Kristus og i mellommenneskeleg forståing, og utfordre engasjement og handling i kyrkje og samfunn, lokalt og globalt.

Vi er ein del av YWCA og YMCA – verdas største ungdomsrørsle. Vi høyrer til KFUK-KFUM Møre og Romsdal, KFUK-KFUM Noreg har samarbeid med KFUK-KFUM-speidarane. Vi samarbeider tett med Ulstein sokn.

KFUK-KFUM Ulstein er eit aktivt lag for folk i alle aldrar som ønskjer å ta del i eit kristent og mangfaldig fellesskap. Basen vår er samlingshuset Fredheim i Ulsteinvik. Ved årsskiftet hadde hovudforeininga 83 betalande medlemmer (derav 8 innmeldt som K-gruppemedlem). I tillegg kjem medlemmane i undereiningane våre, sjå meir om det under dei ulike overskriftene under.

### **Verv i 2022, valgt ved årsmøte 15. feb 2022**

#### **Hovudstyret:**

Sunniva Røyset (2021–2023)  
Hiljerd Holt Myrene (2021–2023)  
Ole Terje Sukka (2021–2023)  
Ole Martin Grevstad (2022-2024)  
Arnt Ole Grimstad (2022-2024)  
Hildegunn Valen Kleive (2022-2024)  
Henrik Vikebakk Sandstad (2022-2024)

#### **Varamedlemmer:**

Reidun Oline Holme Juliusen (2022-2023)  
Tord Aksnes (2022-2023)

#### **Husnemnda**

Sigbjørn Halle (2021-2023)  
Jostein Kiperberg (2021-2023)  
Lidbjørn Vattøy (2021-2023)  
Evy Vattøy (utleie av Fredheim, 2021-2023)  
Margaret Fintland Vikebakk (2022-2024)  
Astrid Hjellegjerde Viseth (2022-2024)

#### **Kasserar:**

Oddgeir Nygjerde (2022-2023)

#### **Revisor:**

Harald Nordal (2022-2023)

#### **Representantar i nemnda for Torsdagsmøtet på Fredheim:**

Kamilla Grimstad Hagen (2022-2024)  
Christina Grimstad Brekke (2022-2024).

#### **Valnemnda:**

Svein Arne Orvik (2022-2034)  
Liv Osnes Dalbakken (2022-2024)  
Arild Støylen (2022-2024)

Valperiodane står i parantes.

### **Helsing frå styret:**

Vi kan sjå tilbake på eit 2022 med mykje aktivitet i organisasjonen vår og på Fredheim. Styret gleder seg over all den flotte frivillige innsatsen og for glede, mestring og samhold som vert skapt på små og større samlingar og arrangement i løpet av året som har gått.

Styret har organisert seg slik at vi har kontaktpersonar for dei ulike einingane, som tek kontakt med eller kan kontaktast av undereiningane. Eit fast innslag på styremøta er informasjon frå eller om einingane. På denne måten håper vi at styret skal ha bedre oversikt over kva som rører seg i organisasjonen. Styret har arbeidd godt gjennom året. Saker har hovudsakleg vore knytt til Fredheim, økonomi, integreringsarbeid og våre faste arrangement. Kwart møte samlast vi først rundt ei kort andakt. Styret behandla 39 saker i 2022. Styret har gitt støtte til alle barn og unge som har søkt om dette, i tråd med vedtak på førre årsmøte. KFUK-KFUM Ulstein å bidra til utvikling og leiartrening for unge.

Det vart i 2022 søkt om integreringsmidlar for integrering av flyktingar frå ImDI. Vi mottok om lag 300 000 kroner. Vi har samarbeida tett med soknet om å nytte desse ressursane på ein god måte. Pengane har mellom anna vorte nytta til å betale medlemsavgift for flyktingar i einingane, juleverkstad, kvinne/barn-samling på Fredheim. Det ukrainske damekoret har også hatt fast øving på Fredheim. Samarbeidet med soknet strekker seg også lenger, og i 2022 vart det teke initiativ til eit møte for unge vaksne i soknet og Ulstein KFUK-KFUM. Her vart det diskutert behov for ulike typar fellesskap ein ønsker/trenger i kyrkjelyden og KM i fellesskap. Soknet gjorde alvor av tilbakemeldingane og har bl.a initiert lovsangskveldar i kyrkja tre søndagskveldar i førre semester. Fleire av dei som er frivillig med å arrangerer dette har tilhøyrighet i KFUK-KFUM. Arbeidet held fram.

Styret gjennomfører hovudsakleg sine styremøte på Fredheim. Det er gledelig at aktiviteten på Fredheim har teke seg opp etter pandemien, og vi ser at der er stor aktivitet mange dagar i veka. Dette har også bidrege til meir arbeid for husnemnda. Mange timar frivillig arbeid går med her, og styret er takknemlege for samarbeidet med husnemnda. Det er kjekt at huset vårt er flittig i bruk, og i den anledning var det også trivelig at så mange møtte opp på freheimbasaren i oktober. Då var det «stinn brakke», noko som viser at arbeidet vårt er viktig for mange i Ulstein. Det bidreg også økonomisk til å drifte Fredheim vidare. Samla er vi fleire hundre som driv arbeidet vårt framover. Vi er stolte av å ta del i arbeidet.

*Sunniva Røyset*

## **Faste arrangement**

I løpet av året har hovudstyret ansvar for fleire årevisse arrangement. Dette er varierte tilstelningar som gir varierte menneske møte mellom fleire generasjonar i organisasjonen vår. Nattvandringa er det ikkje styret som arrangerer, men ei «sjølvutnemnt» gruppe.

### **Oppstartgudsteneste**

Tradisjonen tro åpent vi semesteret med en fin familiegudstjeneste 21. august i kirka med påfølgende kirkekaffe i Saunesparken. Vi kjøpte inn 250 pølser, fyra opp bålpannene, hadde gjort klart for litt leiker for barna. Været var på vår side, stille høstluft og opphold. Vi grilla så fort vi kunne for det kom mye folk, de koste seg og drakk godt med kaffe og saft. Det ble leika og prata i godt over en time før vi pakka sammen. En fin måte å starte høstsemesteret på, og endelig uten noen form for smitterestriksjoner.

*Ole Martin Grevstad*

## Fredheimbasaren

Etter to år med pandemi, var Fredheimbasaren endeleg tilbake i god gamal stil laurdag 22.oktober. Sidan det var mange nye styremedlemer i Ulstein KFUK-KFUM, hadde ingen av dei som fekk ansvar for Fredheimbasaren vore med på å arrangere dette før. Ein kom difor litt seint i gong både med å bestemme dato, og med sjølv arbeidsprosessen. At basaren ikkje var blitt gjennomført på vanleg måte siste to åra, gjorde ikkje situasjonen betre verken for kontinuitet eller informasjonsflyt. Redninga vart gode hjelparar frå tidlegare år og eit google-disk dokument som den nye komiteen kunne bygge vidare på. Hildegunn Valen Kleive, Reidun Oline Holme Juliussen, og Arnt Ole Grimstad styret sin basarkomite.

Mykje av arbeidet rundt basaren ligg i førebuinga, både med gevinstar, loddbøker, innkjøp og praktiske ting rundt arrangementet. Her fekk komiteen god hjelp av «erfarne fjellfolk», der Odd Arne Vikebakk følgde opp utdeling og innsamling av loddbøkene, Ingun Fjørtoft skaffa flotte gevinstar til dei same loddbøkene, og Elfrid Kleven Hanstad ordna med større innkjøp. Den ferske komiteen fekk også med seg Judit Grimstad Hatløy på laget, som både kjenner basaren og Fredheim godt.

Programmet for dagen bygde i stor grad på tidlegare basarar, der speidarane og Ten-Sing stod for tombola og matsal på føremiddag, medan festen på ettermiddag samla fullt hus til korsong frå Korklubben og Tween Sing, åresal, andakt ved Erlend Førre, matykt, allsong, og trekking av loddbøker. Det vart to timar med «kontrollert kaos» og god stemning, og sjølv om ein truleg var mellom 170 og 180 stk, vart det både sitteplass og mat nok til alle. Komiteen har likevel gjort seg nokre erfaringar og tankar om justeringar for neste år, og ein har utarbeidd ein meir detaljert arbeidsplan og evaluering for basaren. Mykje folk gjorde også at åresalet gjekk unna. Totalt samla Fredheimbasaren med tombola, matsal og loddsal inn 134 302,- kr. Av desse kom omlag 77 000 inn på loddbøkene, og 54 000 på tombola og åresal.

Fredheimbasaren er ein stor og viktig dugnad der mange bidreg inn på ulikt vis, ofte på fleireområde. Det er nok slik at det i mange tilfelle er dei same som bakar kaker og kjøper gevinstar som seinare på dagen brukar pengar på å kjøpe dei same kakene og lodd på dei same gevinstane. Vi er difor svært takksame for den innsatsen som vert gjort, både av ungdomar, leiarar og foreldre, speidarar, Ten-Sing, K-grupper, KM-menn, og enkeltpersonar som bidreg ekstra inn i denne «sirkulær-økonomien» som er så viktig for det omfattande arbeidet som vert gjort på Fredheim. Takk også til alle sponsorar som er med å gi flotte gevinstar og annonsar. Det viser at Fredheim og arbeidet der har ein viktig og sentral plass i Ulstein-samfunnet.

*Arnt Ole Grimstad*



### **Adventsfesten**

En fest for voksne i alle aldre. I 2022 avholdt lørdag 3. desember.

Komiteen bestod av Anne Strand Kiperberg, Ole Terje Sukka, Helge Stjern Tvedt og undertegnede vi hadde 3 korte og effektive planleggingsmøter, Ole Terje Sukka dro lasset og gjorde god nytte av erfaringen fra å være med i fjor.

Det ble 53 påmeldte med relativt god aldersspredning. Oppgaver ble fordelt etter skjema fra foregående år. Enkelte større oppgaver ble fordelt ved forespørsel, de fleste praktiske oppgaver som tillaging og opprydding ble fordelt av komiteen mellom påmeldte, som utførte alt til perfektion.

Komiteen ønsket folk velkommen med gløgg fra kl 19:30, Arnfinn Kleven Hanstad tok imot betaling i kjelleren på Fredheim, medbrakt mat/snop ble levert på kjøkkenet oppe. Festen startet klokken 20, og ble ledet av Ole Teje Sukka og Helge Stjern Tvedt. Det var konkurranse, allsang, koldtbord fra SUFH, Herrenes tale ved Hiljerd Holt Myrene, Damenes tale ved Bjørn Sverre Juliussen, medbrakte kaker og kaffe brygget på kjøkkenet. Festen ble avsluttet med ord for kvelden ved Greta Håkonsholm og avsynging av «Deilig er jorden» klokken 24.00 Det var en god førjulssamling, og et kjekt møtepunkt mellom ulike generasjoner.

*Hiljerd Holt Myrene*

### **Torsdagskveldar på Fredheim**

Torsdagskveldane på Fredheim har vore eit samarbeid mellom KFUK-KFUM Ulstein, NMS og soknet.

Følgande torsdagskveldar var planlagt for 2022:

3. februar: Jesu død og oppstandelse v/ Mirjam Håland Igland

29. september: Misjon v/ Øystein Bjørdal

Ei tredje samling var planlagt for april 2022, men den vart avlyst pga sjukdom.

*Kamilla Grimstad Hagen*

## Nattvandring

I mer enn 20 år har det blitt arrangert nattvandring fra Flø til Ulsteinvik i regi av Ulstein KFUK/KFUM. De senere årene har arrangementet vært et samarbeid mellom K-grupper i Ulstein og Hareid. De siste 8-10 årene har den «selvutnevnte» komitèen bestått av følgende personer:

Oddbørg Vartdal -Ulstein, Nancy Bergseth – Ulstein og Bjørg Vartdal Hareide – Hareid

Nattvandringen blir gjennomført på stort sett samme måten hvert år. Vi møtes ved forsamlingshuset på Flø kl. 2030, en fredag nært opp mot jonsok. Etter en samling ved kvernhuset til Oddbørg Vartdal og Lasse Holstad, fører vandrepresten oss mot Roppehornet. Der blir vi møtt av musikk fra inviterte musikere. Er vi heldige nyter vi medbragt niste til en vakker solnedgang, samtidig som vi lytter til fin musikk. Etter hvilen går vi i stillhet over Trongvassegga ned mot Lisjevatnet. For mange er dette høydepunktet på vandringen med stemningen det er å vandre i et fellesskap, og samtidig lytte til stilheten i det spesielle lyset som er på den tiden av døgnet.

Stenene som vandrepresten delte ut under åpningen kan man legge fra ved et kors før vi kommer ned til Lisjevatnet. Kanskje blir «børa» lettere å bære etter dette... Etter pause ved Lisjevatnet går vi videre mot Ulstein kirke. Der blir vi møtt av dempet musikk og forfriskninger, samt et avslutningsord som man kan ta med seg ut i den lyse sommernatten. Normalt vil vandringen være avsluttet ca. kl. 0300-0330.

Årets vandring ble gjennomført så tidlig som fredag den 10. juni 2022 på grunn av at vi måtte tilpasse oss i forhold til Hødd fjelltrim sin nattvandring. Til tross for gråvær var det 30 påmeldte deltagere.

Vandreprest: Stein Karstensen

Musikere: Jenny Helen Korsnes og Olea Jonsdottir Flø

### Økonomi:

Deltageravgift er kr. 50,-. Denne går til dekning av de få utgiftene vi har i forbindelse med arrangementet, som enkel servering i kirka, påskjønnelse til vandreprest og musikere, bompenger og kopiutgifter. Etter avtale med Hareid og Ulstein KFUK/M dekker lagene annonseutgift i Vikebladet/Vestposten hvert sitt år. I 2022 var det Ulstein som bar kostnaden. Komitèen legger vekt på at arrangementet skal være «selvbærende» rent økonomisk.

Kort oppsummert var årets vandring svært vellykket. Flere av deltagerne kommer fra Ørsta, Volda, Herøy, Hareid og Ålesund. Mange kommer tilbake år etter år, og uttrykker takknemlighet over tiltaket. Vi registrerer også at mange av deltagerne er personer som man gjerne ikke møter på tradisjonelle, etablerte, kristne arrangement.

*Nancy Bergseth*



## Integreringsarbeid

Våren 2022 kom det i forbindelse med krigen i Ukraina mange flyktningar til kommunen vår. K-styret tok tidleg initiativ til ei samling på Fredheim, der vaksne, barn og ungdommar frå bygda vår og mottaket var samla. Det var aktivitetar som spelning, strikking, billiard og fotball. Hovudstyret søkte i samarbeid med soknet integreringsmidlar frå IMDi – integrerings- og mangfoldsdirektoratet, og fekk innvilga om lag 300 000 kroner. Målsettinga var å stimulere til fellesskap, tillit og tilhøyring i lokalsamfunn for innvandrarar og befolkninga elles, og motvirke utanforskap. Midlane gav rom for lønnsmidlar for koordinering av arbeidet, medlemskontingent for flyktningar, deltaking på kyrkjelydsweekend, leige av buss for frakt til/frå arrangement mm.

Fredheim har vore flittig nytta i integreringsarbeidet, og fleire av flyktningane har uttrykt at dei har vorte tekne godt imot her.

Det har vore utfordrande å planlegge og nytte pengane innanfor eit svært kort tidsrom. Ein opplever at det har vore enklare å invitere med på enkeltarrangement, som t.d basaren. Tiltak som har vore mest vellukka er tiltak knytt til Fredheim. Det har vore med på å legge grunnlaget for å bli kjent med huset og folket. Flyktningane har også hatt høve til å nytte Fredheim når dei vil samlast i eigen regi. Bl.a har damekoret fast øving her. Det har vore meir krevande enn vi trudde å få barn og unge til å gå fast på aktivitetane våre. Dette er noko vi trur og håpar endrar seg framover no når språkbarrierene etter kvart vert mindre, og dei har knytt kontakter med innbyggerane. Vi trur ein av nøklane til integrering ligger i fellesskap og personleg initiativ til å invitere med, og til å bidra. Mange har uttrykt at dei kjenner seg heime og velkomne her. Denne tryggleiken opplever vi som det mest vesentlege grunnlaget for all god kontakt i integreringsarbeidet vårt. Dette har flyktningane gitt oss positive tilbakemeldingar om. Vi håpar at engasjerte barn og foreldre i laga våre inviterer med seg flyktningar frå både Ukraina og andre land med i aktivitetane våre.

*Christfried Kaul / Sunniva Røyset*

## Årsmeldingar frå einingane

KFUK-KFUM Ulstein driv eit stort arbeid som når ut til mange barn og unge. Mange vaksne har eit viktig nettverk gjennom arbeidet i laget. Store flokkar tek del i speidararbeid, Ten Sing, Tween Sing og heile ni kvinnegrupper. Her kan du lese årsmeldingane frå dei ulike einingane.

### Ulstein Ten Sing

Ansvarleg vaksenleiar: Ruben Voldsund

Vaksenleiar: Øystein Grimstad Thormodsæter, Iver Fiskaa Ødegård

Styreleiar: Heine Ljones Kulø (vår), Andreas Sundgot (frå haust)

Økonomileiar: Oddgeir Nygjerde

Danseleiar: Aurora Bjerkvik

Filmleiar: Martyna Bender, Hedda Ljones Kulø

Dirigent: Marthe Sandvik Skeide

Bandleiar: Ane Øvrelid Solås

Øvrige styremedlemmar:

Vår: Ragnar Heimland, Signe Aamodt Støylen, Håvard Dimmen, Eivind Bjåstad Hovlid (vara)

Haust: Eivind Bjåstad Hovlid, Martha Giil Vågeskar, Sveinung Snipsøy, Andreas Sæter (vara)

Betalende medlemmer per 31.12.22: 55

#### Akvitetar

Ulstein Ten Sing har hatt øving på Fredheim fast kvar onsdag mellom 19.00-21.30. Den første halvtimen er alltid avsett til felles leik, før ein den neste timen har band og korsong. Deretter følger pause med mat og andakt og meir øving før vi avsluttar kvar øving med å syngje velsignelsen saman. Ein gong i månaden har vi også avslutning i kyrkja der vi får eit ord for kvelden med ei lita bønnevandring. Oppstart i 2022 gjekk ikkje heilt som planlagt, då det også dette året vart nokre avlysingar med omsyn til koronarestriksjonar på starten av året.



Til tross for dette har det vore mange høgdepunkt i 2022. Vi har delteke på DRYPP-ungdomsgudstenester gjennom heile året, med den første i mars og den siste i desember. I april har vi hatt inspirasjonshelg med Ten Sing Norway. I mai har vi hatt sosialkveldar i tillegg til å ha ansvar for 17.mai-kaféen på Fredheim. I juni fekk vi opptre på Ulsteinmessa med hundrevis av folk i publikum, og avslutte semesteret med bowling inne medan det pøsregna. Med nytt semester fekk vi vere med å kore for Marthe Wang under konserten hennar i Fosnavåg i oktober. Vi stilte med mat og service på Fredheimbasaren like etter.

I november var det klart for den årlige Gospel Nighten i Ulstein kyrkje, der svimlende 250 ungdommar deltok. Ulstein Ten Sing var sjølvsgagt eit godt vertskap for alle som kom. Veka etterpå var det tid for å syngje jula inn på julegrantenning i sentrum. Seinare i desember bidrog vi på hjertevarmeaksjonen, og runda av året med eit knakande kjekt juleball - og det for første gang sidan 2019.



#### Vurdering av arbeidet

Etter sommaravslutninga i 2022 gjekk mange ut av Ten Sing på grunn av utflytting og vidare studier. Til tross for at vi då mista mange medlemmar kom det enda fleire nye på hausten. Ulstein Ten Sing er i ei særstilling i Ten Sing-Norge. Vi er framleis ei av det største Ten Sing-gruppene i landet, og det går lovord om vårt varierte tilbud. Vi er gode på å fornye oss, då vi tek utgangspunkt i dei som deltek og bygger på dei erfaringane og kompetansane som fins i gruppa. Vi er ikkje redde for å satse nytt,

kjøpe nødvendig utstyr eller finne på nye prosjekt. I 2022 har vi mellom anna oppgradert videokamera, kjøpt fotokamera og -utstyr, mikrofonar og T-skjorter med logo til alle medlemmar. No ser vi framover til eit 2023 utan korona og med enda meir nytt bandutstyr på veg.

*Anderas Sundgot, Øystein Grimstad Thormodsæter, Ruben Voldsund*

## Ulstein Tween Sing

Styret har vore samansett slik i 2022:

Ståle Helvig, Leiar  
Sissel Helen Hauge, Styremedlem  
Kari Kalvatn Edinsen, Styremedlem  
Siv Marina Flø Grimstad, Styremedlem  
Hilde Kalvatn Eidem, Styremedlem  
Maria Berstad, Varamedlem

Arnfinn Hanstad Kasserar, men ikkje medlem i styret

Nytt styre vart valt i november 2022:

Kari Kalvatn Edinsen, Leiar  
Hilde Kalvatn Eidem, Styremedlem  
Lisa Brekke, Styremedlem  
Veronica L. Jensen Styremedlem

Leiarar for koret 2022

Vårsemesteret 2022: Ståle Helvig og Anne Marie Sødal  
Frå hausten 2022: Oddgeir Nygjerde og Anne Marie Sødal

Koret har teke del ved desse arrangementa

13.mars - sang på gudsteneste  
14.-15.mai - øving og overnatting på Kjeldsund  
15.mai - sang på gudsteneste på Kjeldsund  
11.juni - sang på Ulsteinmessa  
22. oktober - sang på Fredheimbasaren  
23. oktober - sang på familiegudsteneste  
27.november - sang på Lysvåken-gudsteneste  
15.desember - juleavslutning for koret på Fredheim  
18.desember - sang på "Vi syng jula inn" i Filadelfia

Om året:

I 2022 har koret hatt vanlig mønster på øvingane, med øving annakver torsdag på Fredheim. Pga koronatiltak blei det sein koroppstart i januar 2022.

Vi har stort sett sunge på gudstenester, men også på Ulsteinmessa og i Filadelfia

Betalende medlemmer arbeidsåret 2021/2022 (betalt og stønads-genererande i 2020): 24

Medlemstalet for kora 2022/2023 ser ut l å bli 16.

Årskonngenten for kora 2021/22: 200 kroner

Det er ein fin gjeng som er med i koret, men utfordringa er heile vegen å nå ut til nye som vil vere med, og særleg gitar.

*Anne Marie Sødal*

## Ulstein KFUK-KFUM-speidarar

I Ulsteinspeidarane har vi desse gruppene: Stifinnar for jentene (3.-4. klasse), stifinnar for gutane (3.-4.klasse), vandrarjenter (5.-10. klasse), vandrargutar (5.- 10. klasse) og roverar (11. klasse - 25 år). Ved utgangen av året hadde vi hatt 233 betalande medlem inkl. leiarar. Det er det høgaste talet på aktive medlem på mange år!

Dei ulike patruljene har møte om lag annankvar veke. Møta føregår for det meste ute, og mangegrupper har fast leirplass. Aktiviteten i gruppa er i hovudsak retta mot friluftsliv og opplæring i diversespeidaraktivitetar som leirbygging og naturkunnskap, men også personleg utvikling og samarbeid igruppe. Det er framleis mange stifinnarar og her trengs det at foreldre hjelper litt til på møte, for å kunne dele dei opp i mindre grupper under patruljesamlingar.

Følgjande patruljer hadde vi ved utgangen av 2022:

Stifinnar gutar f 2013-2014: Helge Stjern Tvedt 95975142 - torsdagar i partalsveke 18:00-19:30

Vandrar gutar f 2012 (Panter): Erlend Førre 48220068 - tysdagar i partalsveke 18:00-19:30

Vandrar gutar f 2011 (Fjellrev): Kristian Osnes 99629165 - onsdag i oddetalsveker 18:00-19:30

Vandrar gutar f 2010 (Røyskatt): Christfried Kaul 91696820 – nystart desember utan avklart møtetid

Vandrar gutar f 2009 (Hoggorm): Olve Brandal 95816830 - onsdag i oddetalsveka 18:00-19:30

Vandrar gutar f 2008 (Ulv): Hanne Marte Grimstad 99649996 - tysdag i oddetalsveker kl. 18:00-19:30

Stifinnar jenter f 2013-2014: Kamilla Grimstad 98831417 - måndagar i partalsveker kl 18.30-19:30

Vandrar jenter f 2012 (Snøugle): Monica Tokheim 41674905 - torsdag i oddetalsveka kl. 18:00-20:00

Vandrar jenter f 2011 (Falk): Silje Kiperberg 99379147 - tysdagar i oddetalsveker, 18:00-19:30

Vandrar jenter f 2010 (Mink): Elisabeth K. Hovlid 95165848 - onsdag i oddetalsveka 18:00-19:30

Vandrar jenter f 2009 (Blårev): Vegard Aksnes 93845216 - måndagar oddetalsveke 17:30-19:00

Vandrar jenter f 2008 (Isbjørn). Birgitte Øvrelid 91618890 - torsdag i partalsveke 18:00-19:30

Roverkonge: Johannes Kaul 96014594

Turleiar: Torstein Vattøy 91358739

Gruppeleiar: Christfried Kaul 91696820

Styret: Kristian Osnes, Tonje Øyehaug Ruud, Tord Aksnes, Johannes Kaul

Vi kom godt i gang igjen våren 2022 med det store målet framfor augo: Gnist – speidarlandsleir på Forsand. Heile 70 speidarar frå Ulstein (inkludert leiarar) var påmeldt. Det var ein strålende gjeng å vere på tur med, og det våte været under leiren klistra oss godt saman som gruppe. Med mange kreative idear held vi motet oppe og trivselsfaktoren var svært høg. I tillegg stakk V.A.R.G (Rovarane våre) av med sigeren på Rovertrekamp! Stor takk til eit heilt lag som gjorde leiren mogleg for oss!



Før landsleir blei det endeleg Hatløya-tur igjen. Etter to år med avlyst tur til Hatløya, var årets tur, den første overnattingsturen i speidarkarrieren til mange speidarar. Hatløya er framleis eit paradys av einleirplass! Overnattingsturen på Nassetelva var værmessig slik som Gnist – høljande regn og brusande elv – men glade speidarar på tur! Sjølvsaft blei det sniking i haustmørket på Bugardsmyrane også. Overnattingstur blei det også på Nibben, og turen til Røde Kors-hytta for dei eldste blei også ein suksess. Med eit livleg juleleirbål på SUFH og i snøen utanfor, avslutta vi hausten.

På Peffkurs på Ørskogfjellet var det 2 deltakarar på Peff-kurs 1 og 7 deltakarar på Peff-kurs 2. Det er viktig å satse på leiartrening tidleg. Kurset blei fylgt opp med den tradisjonelle Peffe-pizzaen i haust også. Samansetting av patruljane, bruk av Peffarane sin kompetanse inn mot nye patruljer, og vaksen nærvær er nokre område med rom for utvikling.



På den tradisjonelle Speidarcaféen på Fredheim fann vi ingen til å ta ansvar for organiseringa, men Ten Sing stilte opp og sørjga for at Fredheim igjen var ein flott plass å samlast på nasjonaldagen vår.

Økonomien er stabil. I samband med landsleiren fekk vi oppgradert ein del av utstyret vårt, blant anna skaffa vi oss eit nytt og romsleg kjøkkentelt. Utføring av det planlagde arbeidet på speidarhytta står att framleis.

*Christfried Kaul*

### Kvinnegruppene (K-gruppene)

I KFUK-KFUM Ulstein er det ni kvinnegrupper: Forbundsringen og åtte K-grupper. Til saman har gruppene per i dag 85 medlemmer. Gruppene møtast i heimane, og rullerer på dette. Nokre grupper møtast ein gong i månaden, andre grupper oftare. Innhaldet i samlingane er opp til kvar gruppe, og kan vere samtalekveld, delekveld, temakveld (t.d. med diskusjon rundt ulike tema, evt med ein ekstern gjest/føredragshaldar), andakt, tekstlesing frå Bibelen/andre tekster, turar ut i det fri og meir. Gruppene er ein viktig del av kyrkja si kvinnearbeid, og viktige bidragsytarar i fellesskapet rundt Fredheim, både med dugnadsarbeid og kyrkjekaffi, samt gjennom økonomiske bidrag. Nokre grupper samlar inn pengar i misjonsprosjekt. Ein gong i året har vi ei felles samling for alle gruppene i Ulstein og Hareid.

For 2022 vil vi særleg nemne at det er oppretta eit KFUK-styre bestående av KM-styret sine kvinnelige medlemmer. Med utgangspunkt i dette styret blei det 19. april 2022 arrangert ein strikke - og sosial kveld for flyktningar, både barn og vaksne frå Ukraina. Strikkekveldar har kyrkja fortsatt med å arrangere hausten 2022. I november arrangerte ei k-gruppe juleverkstad med kranslagning for flyktningar ved asylmottaket. Det vart ei fin stund der dei inviterte bl.a tok initiativ til julesong.



Vi har også oppretta ei KFUK-Ulstein gruppe på Facebook. Den har no 100 medlemmer, og fungerer som ein stad der arrangementer kan reklamast for og informasjon bli gitt. K-gruppe 2 arrangerte juleverkstad på Fredheim 24. november 2022 der flyktningar frå Ukraina var invitert. Det blei eit strålende fint arrangement.

Det må og nemnast at K-gruppene gjorde ein stor innsats på Fredheimbasaren 2022. Den 1. februar 2023 er K-gruppene i Ulstein invitert til Retrofest på Hareid for å feire 40 årsdagen til K-gruppe på Hareid.

Oversikt over gruppene Gruppe leiar/kontaktperson medlemmer

K-gr. 1 Gunn Randi Solstad, 10 medlemmer

K-gr. 2 Elfrid Kleven Hanstad , 12 medlemmer

K-gr. 3 Gry Nordal, 8 medlemmer

K-gr. 4 Birgitte Øvreid, 11 medlemmer

K-gr. 5 Hanne Marte Sukka Grimstad, 11 medlemmer

K-gr. 6 Kaja D. Knutsen, 8 medlemmer

K-gr. 7 Sunniva Røyset, 8 medlemmer

K-gr. 8 Olaug Vikebakk, 9 medlemmer

9 Forbundsringen Hilde Petra Brungot, 8 medlemmer

*Hildegunn Valen Kleive*

